

Uskedal Båtlag med opprop om å sjekka fortøyningane.

14.01.2020



Uskedal Båtlag bed alle med båt i hamna sjekka og stramma opp fortøyningane (Arkivfoto).

Ekstremveret Didrik vil slå til i natt med pålandsvind og vasstand 100 cm over den høgden du finn i tidevasstabellen. Uskedal Båtlag bed alle med båt i Båthamna sjå til at fortøyningane er gode. Alle må stramma opp slik at båten ikkje ligg og slår mot kai og uteliggjar.

Det som før var oransje varsel er oppgradert til raudt varsel. Dette gjeld særleg i Agder, Rogaland, Hardanger og Sunnhordland. Alle må sikra at det ikkje er lause gjenstandar i strandsona. Alt som er laust i naust og sjøhus, må surrast fast.

Uskedalen.no gjer merksam på at bilete er frå januar 2017 og ikkje har noko med dagens situasjon å gjera.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal